



Ein kjenning passerte Uskedalen i sakte fart ved 16-tida. Det var skuleskipet Gann, der mange unge sjøfolk også frå vår bygd har hatt sin fyrste fartstid. Det er landets største skuleskip. Den noverande Gann er den tidlegare hurtigruta Narvik, bygd i 1992. I 2007 vart båten overteke av Rogaland Sjøguttskule og det er plass til 105 elevar.

I tillegg er det 36 lugarar til kursverksemd. Om sommaren går båten i quisebart på kysten.

Turen til Rosendal i dag er eit avslutningstokt for ei stor elevgruppe. Det er mange elevar frå Rogaland og Hordaland.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen og Kristian Olav Bringedal



FOTO:ARNE RØD